




Livmorhalsprøve - reduser risikoen for å utvikle livmorhalskreft


Viktig informasjon til deg som fyller 25 i år

- Cervical screening - reduce your risk of developing cervical cancer - Information in English and other languages: www.sjekkdeg.no
- Loga muittuhanreivviid maid Goattočottaprográmma sádde davvisámegillii dás: www.sjekkdeg.no

- 

Bestill time hos fastlegen din
- 

Ta livmorhalsprøve
- 

Reduser risikoen for å utvikle livmorhalskreft
- 

All informasjon du treng, finn du i dette brevet eller på sjekkdeg.no

Det er viktig at du tek livmorhalsprøve, sjølv om du er ung, frisk og HPV-vaksinert

Regelmessige livmorhalsprøver kan avdekke celleforandringar før dei utviklar seg til livmorhalskreft. Celleforandringar er ikkje det same som livmorhalskreft og gir oftast ikkje symptom. Celleforandringar kan enkelt bli behandla. HPV-vaksinen dekker ikkje alle HPV-typene som kan gi livmorhalskreft, derfor er det viktig å ta prøva sjølv om du er vaksinert.

Livmorhalsprogrammet - starten på ein god vane

Kvinner mellom 25 og 69 år blir tilrådd å ta livmorhalsprøve regelmessig. Målet er å førebyggje livmorhalskreft, som rammar kvinner i alle aldrar. Tek du livmorhalsprøve regelmessig, blir risikoen for å få livmorhalskreft betydeleg redusert. Dersom du allereie har teke prøve, får du påminning frå Livmorhalsprogrammet når det er tid for ny prøve. Gå inn på www.sjekkdeg.no for å lese om ulemper og fordelar med å ta livmorhalsprøve.

Vennleg helsing


Livmorhalsprogrammet

Meir informasjon på baksida



HPV er årsaka til livmorhalskreft


Alvorlege celleforandringar og livmorhalskreft kjem av ein langvarig infeksjon med humant papillomavirus (HPV). HPV er den vanlegaste seksuelt overførbare infeksjonen. Det er viktig å ta livmorhalsprøve regelmessig sjølv om du er HPV-vaksinert.



80 % av seksuelt aktive kvinner og menn vert smitta av HPV i løpet av livet.



90 % av HPV-infeksjonane går over i løpet av 2 år.



Ved ein langvarig HPV-infeksjon aukar risikoen for utvikling av alvorlege celleforandringar.



Ein tredjedel av alvorlege celleforandringar kan utvikle seg til kreft om dei ikkje vert behandla.



Ei livmorhalsprøve vert teken ved ei gynekologisk undersøking

Undersøkinga tek nokre få minutt. Det skal ikkje vere vondt, men nokre gonger kan det kjennast litt ubehageleg. Legen din får svar på prøva vanlegvis innan ein måned. Ved unormale prøvesvar har legen din ansvar for å gi deg informasjon og vise deg til vidare oppfølging. Ved normale prøveresultat får du beskjed frå fastlegen din når det er tid for ny prøve. Livmorhalsprogrammet vil sende deg ei påminning når det nærmar seg tid for ny prøve.



Du tek livmorhalsprøva hos fastlegen din

Ta kontakt med fastlegen din for å ta livmorhalsprøva. Fastlegen gjer denne undersøkinga. Nokre kvinner synest det kan vere vanskeleg å gjennomføre denne type undersøking hos eigen lege. Om du har det slik, snakk med legekantoret ditt om alternativ. Ofte vil ein kunne ta prøva hos ein annan lege på same kontor. I heilt spesielle tilfelle kan ein bestille time for å be om tilvising til gynekolog. Du må sjølv betale ein eigendel for undersøkinga.



Viktig å tenke på før prøvetaking

Unngå å ta prøva når du har menstruasjon. Unngå bruk av tampong, alle typar vaginale kremar og medikament eit døgn før prøvetaking, da dette kan gje feil prøveresultat. Tips! Ta gjerne med deg ein venn, om du ynskjer det. Nokon synest det er praktisk å ha på kjole.



Inga livmorhalsprøve er 100 % sikker

Regelmessige livmorhalsprøver reduserer risikoen for å utvikle livmorhalskreft betydeleg, men likevel kan alvorlege celleforandringar forbli uoppdaga av ulike årsaker. Sjølv om prøveresultatene dine er normale, er det viktig at du kontaktar lege med ein gong dersom du får symptom som til dømes uregelmessige blødningar som varer ved, blødning etter samleie, unormal utflod eller smerter i underlivet, som ikkje går over.



Reservasjon og personvern

Kreftregisteret lagrar opplysningar om prøvesvara dine. Du kan reservere deg mot at opplysningar ved normale funn blir lagra i Kreftregisteret. Du har rett til å motsette deg at Kreftregisteret deler prøvehistorikken din med helsepersonell som ber om det til bruk i oppfølginga av deg. Du kan be om innsyn i opplysningar som er registrert om deg i Kreftregisteret.



Kontakt legen din dersom du lurar på noko vedrørande livmorhalsprøva di. Timebestilling hos fastlegen.

Meir informasjon på:

www.sjekkdeg.no

Følg oss:



[Livmorhalsprogrammet](#)



[Kreftsjekken](#)

